

Informasjonsskriv for våren 2026

Vi er i gang med det siste halve året i konfirmasjonstida, og har allereie hatt samling med konfirmantane som er ein del av aktivitetsgruppene. Nokre har og vore på leir.

I løpet av hausten har vi hatt presentasjonsgudsteneste, aktivtessamlinger og lysmesse.

Her er aktivitetane konfirmanten skal delta på denne våren:

Gudstenester

Konfirmanten skal gå på 8 gudstenester i løpet av året. Av desse 8 er 4 av dei allereie planlagt av oss, og ligg i kalenderen for konfirmanten. Desse 4 er: **AVSPARK-gudstenesta, presentasjonsgudstenesta, lysmesse i desember og fasteaksjonsgudsteneste 22.mars.**

Dei resterande 4 gudstenestene vel dei sjølve dato for deltaking på, og skal loggføre i eit gudstenestehefte, som dei tek med seg på gudstenesten. Dette skal alle ha fått utdelt.

Nokre har komme godt i gang med gudstenestene dei skal gå på og loggføre i heftet, nokre er ferdige medan andre har fleire ståande att. Hugs å sjekke med din konfirmant korleis det går.

Dersom konfirmanten ikkje kan komme på ei av dei programfesta samlingane med gudstenester, tek dei ei ekstra av dei valbare gudstenestene i staden; altså loggføre 5 gudstenester

Samlinger - aktivitetsgrupper

Aktivitetsgruppene KRIK og Utogsånn har 3 samlinger denne våren, samt onsdag 22.april som er avslutninga for konfirmantåret.

KRIK - og Ut og sånn - aktivitetsgruppene er fordelt på runder, slik som dette:

Runde 1: KRIK inne 1, KRIK ute 1, KRIK inne 3, Ut og sånn 1

Runde 2: KRIK inne 2, KRIK ute 2, KRIK inne 4, UT og sånn 2

KONFIRMAN* 2026

Tidsskjema for samlingane:

Kl 14.30 : Dørene åpner til Eldstova

Kl 14.45- 15.20: Mat i Eldstova (frivillig, men med påmelding)

Kl 15.30: Konfirmantsamlinga starter (Storsalen)

Kl 15.45: Gruppeaktivitet

Kl 17.00 - 17.45: Samling i kyrkja. Avslutning.

JoinUs vil få eigen plan på oppmøte og innhald av ungdomsleiar Harald; oppmøte i Tunet kvar onsdag kl 18 – 21.

Det same gjeld **DELTA** og **Pizza&bibel**, som får eigen plan for sine opplegg.

Foreldrehjelp – vaksenstøtte ved aktiviteter og samlingar

Vi er svært taknemlege for alle føresette som har meldt seg til å hjelpe til på onsdagar, til matlaging kl 14 – 16, og vaksenstøtte ved aktivitetane kl 15.30 – 18.00. Dette gjorde de ved registrering/påmelding av konfirmant til dette konfirmantåret.

Oversikt over kven som er sett opp på dei ulike datoane har vi sendt ut, og oversikten ligg og tilgjengeleg på nettsida til Os kyrkje/konfirmant/utsendte skriv.

Elles tar vi kontakt når det er behov for bakst eller andre foreldrebidrag undervegs.

Den økonomiske situasjonen vår gjer at vi må kutte i utgifter. Utsending av sms er dyrt, og vi har bedt om at de må notere dykk datoar for når de er sett opp på oppgåve. Vi kan vel ikkje si at det har gått superbra:-) Samtidig veit vi at det er utfordrande for dykk med eit år med mykje nytt og mykje info oppå alt som skjer frå før av.

Leir

Nokre har allereie vore på det, og det var veldig kjekt!

I førekant av leiren blir **konfirmantane** kalla inn til eit infomøte, der vi informerer om leiren, innhald, rammer og regler. Foreldre får den same informasjonen på epost.

6. – 8.febr; Raknestunet

Alle aktivitetsgrupper 1 + KRIK inne 3 + DELTA

20. – 22.mars; Raknestunet

JoinUs (m/alle konfirmanter) + Pizza&bibel-konfirmantane

Forventningsavtalen

Dette er ramma for året og samarbeidsavtalen mellom oss, de som foreldre og konfirmanten. Denne vil vi at alle skal lese seg gjennom, sammen med konfirmanten. Og i førekant av leir, skal denne underteiknast av konfirmant og føresette og leverast før avreise.

Fasteaksjon

Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon i mars er vårens store prosjekt for konfirmantane. Den vert kalla for Fasteaksjon, sidan den ligg i fastetida.

Søndag 22.mars er aksjonsdagen, og blir ein viktig dag med konfirmantaktiviteter og innsamlingsaksjon.

Det vert både digital og fysisk innsamling. Vi skal hjelpe dei i gang med digital innsamling/dele Spleisen vår og evt lage sin egen challenge, for så og dele på sosiale medier. Men de som foreldre kan og bidra med å dele Spleis og konfirmanten sin innsamling.

Programmet aksjonsdagen, søndag 22.mars, vert slik:

Kl 11 – 12 Gudsteneste i Os kyrkje

Kl 12 – 13 Kafe og utdeling av bøsser

Kl 13 – 15 Dør- til – dør – aksjon

Rodene blir sendt ut på google-skjema, der de skriv opp konfirmanten på den roden/gatene han/henne skal gå på. Foreldre må rekne med å følge/ha kontroll eller kjøre dei som treng det.

Konfirmasjon og førebuing

I veka før konfirmasjonsdagen skal alle konfirmantane innom kyrkja dei skal konfirmerast i, til ein time førebuing, saman med dei andre på same tidspunkt.

KONFIRMAN* 2026

På førebuinga får dei kappe, og vi øver på korleis dei skal sitje, stå og gå. Det er trygt og godt for dei å ha vore gjennom det nokre gonger på førehand, derfor er det viktig at dei prioriterer denne førebuinga, akkurat saman med si konfirmasjonsgruppe.

Oversikt over førebuingdagar og tidspunkt, og antal gjester ein kan ta med seg på konfirmasjonsgudstenesta finn du her:

Konfirmasjon	Førebuingdag	klokkeslett	Kyrkje	Antall konf	Gjester
Nore Neset kyrkje 2.mai, kl 10.15	Tirsdag 28.april	kl 14.45 - 15.45	Nore Neset	8	26 gjester
Nore Neset kyrkje 2.mai, kl 12.00	Tirsdag 28.april	kl 15.45 - 16.45	Nore Neset	15	15 gjester
Nore Neset kyrkje 2.mai, kl 13.45	Tirsdag 28.april	kl 16.45 - 17.45	Nore Neset	11	20 gjester
Os kyrkje 3.mai, kl 10.15	Torsdag 30.april	kl 14.45 - 15.45	Os kyrkje	14	25 gjester
Os kyrkje 3.mai, kl 12.00	Torsdag 30.april	kl 15.45 - 16.45	Os kyrkje	25	16 gjester
Os kyrkje 3.mai, kl 13.45	Torsdag 30.april	kl 16.45 - 17.45	Os kyrkje	21	20 gjester
Os kyrkje 9.mai, kl 10.15	Tirsdag 5.mai	kl 14.45 - 15.45	Os kyrkje	21	20 gjester
Os kyrkje 9.mai, kl 12.00	Tirsdag 5.mai	kl 15.45 - 16.45	Os kyrkje	26	15 gjester
Os kyrkje 9.mai, kl 13.45	Tirsdag 5.mai	kl 16.45 - 17.45	Os kyrkje	26	15 gjester
Nore Neset kyrkje 10.mai, kl 12.00	Torsdag 7.mai	kl 14.45 - 15.45	Nore Neset	12	18 gjester

Vi gler oss til dei siste samlingane, leirene og ikkje minst til å feire den store dagen saman med dykk!

Dersom det er noko de lurar på – så ta kontakt!

Hjarteleg helsing

Gro Helen B. Skjælaaen

Kateket

Tlf: 41278575

Epost: os.konfirmant@kyrkja.no